

Eksamen

20.05.2022

NOR1212-NOR1232 Norsk sidemål



Sjå eksamenstips på baksida!
Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne.</p>
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	<p>Bråtveit, Inger. «Bortebuar». I antologien <i>Og alle ting vert nye. Nye nynorske noveller</i>. Oslo: Samlaget, 2021</p> <p>Bye, Kari Anne. «Bekken». <i>Eg bur her no</i>. Oslo: Samlaget, 2021</p> <p>Duun, Olav. <i>I eventyret</i>. Utgitt 1921. Sommarkvelden Bokselkap Nedlasting 26.01.2022. Utdrag, språkleg modernisert og tilrettelagd</p> <p>Hofmo, Gunvor. «Dette er våren ...». <i>Fra en annen virkelighet</i>. Oslo: Gyldendal, 1948</p> <p>Hafsaas, Synne L. og Sjur M. Dolve: «Kristin bytte til bokmål for å unngå konkurs». Utdrag frå Nettbutikker endrar målform for å få fleire treff på Google – NRK Vestland NRK Vestland 14.01.2021. Nedlasting 26.01.2022.</p> <p>Mietle, Celine R. «Jukseroboten». <i>Framtida.no</i> 19.04.2021 Jukseroboten (framtida.no) Nedlasting 26.01.2022. Utdrag</p> <p>Molde FK. «Pisk oss gjerne, men ikke svikt oss». <i>Molde fotballklubb</i> 03.11.2021 https://www.moldefk.no/nyheter/pisk-oss-gjerne-men-ikke-svikt-oss Nedlasting 26.01.2022</p> <p>Sigbjørn Obstfelder. «Jeg ser». I Aksnes, L.M. og M. Røskeland: <i>I språket. Lesebok 2</i>, Oslo: Gyldendal, 1998</p> <p>Rishøi, Ingvild. <i>Stargate</i>. Oslo: Gyldendal, 2021. Utdrag</p> <p>Rognø, Linn Merete. «Slik har teknologien endret hvordan vi snakker». <i>Vi.no</i> 28.05.2019 Slik har teknologien endret språket - Slik har teknologien endret hvordan vi snakker. Nedlasting 26.01.2022. Utdrag</p>
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Pisk oss gjerne, men ikke svikt oss», Molde fotballklubb 03.11.2021

Vedlegget er ei melding som fotballklubben Molde publiserte på heimesida si og i sosiale media etter at laget hadde tapt 0-2 for Bodø/Glimt på heimebane og 6-0 mot Strømsgodset i Drammen.

Formuler kort formålet med teksten, og gjer greie for korleis klubben bruker ulike verkemiddel for å forsterke patosappellen.

Kommentar: Du skal svare på ein presis måte og bruke relevant fagspråk.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Slik har teknologien endret hvordan vi snakker» av Linn Merete Rognø, 2019
- «Kristin bytte til bokmål for å unngå konkurs», NRK Vestland 2021
- «Jukseroboten» av Celine Rognaldsen Mietle, Framtida.no 2021

Dei vedlagde tekstane handlar om korleis teknologisk utvikling kan vere med å endre både korleis vi snakkar og skriv. Skriv ein resonnerande tekst der du drøftar fordelar og ulemper ved at teknologien påverkar måten vi bruker språket på.

Kommentar: Når du drøftar, skal du vise evne til å sjå emnet frå ulike perspektiv. Du skal bruke døme frå vedlegga og kunnskap om språkutvikling.

Oppgåve 2, 3 og 4 står på neste side

Oppgave 2

Vedlegg:

- *I eventyret* av Olav Duun, 1921
- *Stargate* av Ingvild Rishøi, 2021

Samanlikn dei vedlagde tekstutdraga, og plasser dei i ein realistisk tradisjon.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i tekstane og bruke relevant fagspråk.

Oppgave 3

Vedlegg:

- «Jeg ser» av Sigbjørn Obstfelder, 1893
- «Dette er våren ...» av Gunvor Hofmo, 1948
- «Bekken» av Kari Anne Bye, 2021

Skriv ein resonnerande tekst der du gjer greie for modernistiske trekk i dei tre dikta og reflekterer over korleis dikta utforskar kjensla av ikkje å høyre til.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i dikta, men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på. Du skal bruke døme frå dikta.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Bortebuar» av Inger Bråtveit, 2021

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i novella og bruke relevant fagspråk.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt. Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Bråtveit, Inger. «Bortebuar». I antologien <i>Og alle ting vert nye. Nye nynorske noveller</i> . Oslo: Samlaget, 2021 Bye, Kari Anne. «Bekken». <i>Eg bur her no</i> . Oslo: Samlaget, 2021 Duun, Olav. <i>I eventyret</i> . Utgitt 1921. Sommarkvelden Bokselvskap Nedlasting 26.01.2022. Utdrag, språklig modernisert og tilrettelagt Hofmo, Gunvor. «Dette er våren ...». <i>Fra en annen virkelighet</i> . Oslo: Gyldendal, 1948 Hafsaas, Synne L. og Sjur M. Dolve: «Kristin bytte til bokmål for å unngå konkurs». Utdrag fra Nettbutikkar endrar målform for å få fleire treff på Google – NRK Vestland, NRK Vestland 14.01.2021. Nedlasting 26.01.2022. Mietle, Celine R. «Jukseroboten». <i>Framtida.no</i> 19.04.2021 Jukseroboten (framtida.no) Nedlasting 26.01.2022. Utdrag Molde FK. «Pisk oss gjerne, men ikke svikt oss». <i>Molde fotballklubb</i> 03.11.2021 https://www.moldefk.no/nyheter/pisk-oss-gjerne-men-ikke-svikt-oss Nedlasting 26.01.2022 Sigbjørn Obstfelder. «Jeg ser». I Aksnes, L.M. og M. Røskeland: <i>I språket. Lesebok 2</i> , Oslo: Gyldendal, 1998 Rishøi, Ingvild. <i>Stargate</i> . Oslo: Gyldendal, 2021. Utdrag Rognø, Linn Merete. «Slik har teknologien endret hvordan vi snakker». <i>Vi.no</i> 28.05.2019 Slik har teknologien endret språket - Slik har teknologien endret hvordan vi snakker . Nedlasting 26.01.2022. Utdrag
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Pisk oss gjerne, men ikke svikt oss», Molde fotballklubb 03.11.2021

Vedlegget er en melding som fotballklubben Molde publiserte på hjemmesiden sin og i sosiale media etter at laget hadde tapt 0-2 for Bodø/Glimt på hjemmebane og 6-0 mot Strømsgodset i Drammen.

Formuler kort formålet med teksten, og gjør greie for hvordan klubben bruker ulike virkemiddel for å forsterke patosappellen.

Kommentar: Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- «Slik har teknologien endret hvordan vi snakker» av Linn Merete Rognø, 2019
- «Kristin bytte til bokmål for å unngå konkurs», NRK Vestland 2021
- «Jukseroboten» av Celine Rognaldsen Mietle, Framtida.no 2021

De vedlagte tekstene handler om hvordan teknologisk utvikling kan være med å endre både hvordan vi snakker og skriver. Skriv en resonnerende tekst der du drøfter fordeler og ulemper ved at teknologien påvirker måten vi bruker språket på.

Kommentar: Når du drøfter, skal du vise evne til å se emnet fra ulike perspektiv. Du skal bruke eksempler fra vedleggene og kunnskap om språkutvikling.

Oppgave 2

Vedlegg:

- *I eventyret* av Olav Duun, 1921
- *Stargate* av Ingvild Rishøi, 2021

Sammenlign de vedlagte tekstutdragene, og plasser dem i en realistisk tradisjon.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i tekstene og bruke relevant fagspråk.

Oppgave 3

Vedlegg:

- «Jeg ser» av Sigbjørn Obstfelder, 1893
- «Dette er våren ...» av Gunvor Hofmo, 1948
- «Bekken» av Kari Anne Bye, 2021

Skriv en resonnerende tekst der du gjør greie for modernistiske trekk i de tre diktene og reflekterer over hvordan diktene utforsker følelsen av ikke å høre til.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i diktene, men du kan velge hva du vil legge mest vekt på. Du skal bruke eksempler fra diktene.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Bortebuar» av Inger Bråtveit, 2021

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i novella og bruke relevant fagspråk.



PISK OSS GJERNE, MEN IKKE SVIKT OSS

Kjære alle dere som er glade i Molde FK

Det koker rundt Molde FK. For mange har det kokt over. Vi forstår dere godt – og tro oss; spillere, trenere og ansatte har hatt det like vondt som dere.

Kjære, trofaste supportere: Dere har deres fulle rett til å fortvile, kritisere, stille spørsmål og kreve hoder servert på fat. Fotball er følelser, nedturer, oppturer, jubel og fortvilelse.

Alle som er glade i Molde fortjener selvfølgelig bedre enn de siste forestillingene mot Bodø/Glimt og Strømsgodset. Fra vår plass innerst i skammekroken forstår vi reaksjonene – de var vel fortjent. Søndag skal vi bevise det. Vi har kjent nok på skammen etter oppløsningen i Drammen.

Selv om fotball er en lagsport, er hver og en av oss som trener og spiller for Molde, ansvarlige for prestasjonene. Vi peker kun på oss selv. Det skal stilles skyhøye krav til Norges beste fotballklubb – til landets sterkeste spillerstall, på landets flotteste stadion.

Vi er klare over at et unisont, høyløyt «Unnskyld» ikke er nok. Det skal, og vil, følges opp med handling. Her, nå – i dag, og på søndag. Det er vårt ansvar å bringe fotballgleden tilbake til alle som er glade i Molde. Den jobben startet på flyet over fjellet på mandag, og har fortsatt i garderoben, på treningsfeltet og hjemme hos hver og en av oss denne uken. Søndag skal Sandefjord få merke hvordan såret stolthet vil kanalisere en «farlig» positiv energi og spillelede.

Sølvet er fortsatt vårt, Europaspill neste sesong er noe vi gleder oss til. Vi er for lengst oppe på hestene igjen.

Vi håper dere gir oss fornyet tillit på søndag.

«Vi gir det vi har, tar det vi får

Vi er her når du ligger, og her når du står»

Sportslig hilsen alle oss i Molde FK

Slik har teknologien endret hvordan vi snakker

Om naboen forteller at han brukte hele gårdsdagen på å «laike» og «snæppe», skjønner du sannsynligvis at han henger mye på Facebook og Snapchat. Det norske språket er i stadig endring, og en av hovedgrunnene til det er teknologien som utvikler seg i en rasende fart.

– Teknologien har endret seg raskt de siste 150 årene, og da har det skjedd veldig mye i språket også. Språket vårt speiler alltid samfunnet, vi bruker jo ord om det vi holder på med, sier Sturla Berg-Olsen, seniorrådgiver hos Språkrådet.

Og ny teknologi tilfører nye gjenstander, ny bruk av disse gjenstandene og ofte også nye omgangsformer knyttet til den nye teknologien.

På et mer overordna nivå vil man kunne si at kommunikasjonsteknologien har medvirka til en økt intimitet i vår daglige omgang. Det handler blant annet om at det har blitt stadig færre arenaer der det oppleves naturlig å være veldig formell eller høflig, forteller Stian Hårstad, førsteamanuensis i nordisk språkvitenskap ved NTNU.

For mens vi tidligere la vekt på formale brevoppsett og hilsningsfraser når vi skrev brev på papir, har e-post-kommunikasjonen i stedet ført med seg et slags frislipp, mener han. Vi fyrer av et «hei!» omtrent uansett hvem vi henvender oss til, og selv om det norske språksamfunnet lenge har klart seg godt uten høflighetsfraser som «De» og «Deres», vil jeg anta at dette har blitt enda sjeldnere når vi skriver brev digitalt, sier Hårstad.

Ny kommunikasjonsteknologi åpner opp for språklige nylaginger av ulike typer, og ofte vil også teknologileverandøren selv gjerne føre oss med nytt språkstoff. Som DNB har lyktes med i form av betalingsløsningen Vipps. Dette er en veldig bevisst strategi fra DNB, og det har de lyktes med, mener Berg-Olsen.

Hårstad er enig: Vipps vil gjerne vil ha «vippse» inn i språket. Dermed blir teknologien på en måte en del av normalspråket, noe jeg tror de fleste merkevarebyggere vil se på som et stort gjennombrudd, sier Hårstad.

Et annet eksempel er Facebooks «liking». - Vi har naturligvis verbet «å like» i norsk fra før, men Facebook, og andre sosiale medier, byr fram en ny betydning av dette verbet - noe sånt som «trykke på en digital markør som viser støtte eller interesse for noe» - og dermed har det blitt behov for å lage en ny variant. I skrift ser vi dette som «å laike», «liket» og «har liket», og i tale blir det nok også sagt «å laike» og «laika», sier Hårstad.

Videre ser vi en tendens til at ordrøtter fra engelsk, som de ulike teknologiplattformene byr fram, blir implementert i det norske systemet. For eksempel får «chat» helt normalt bøyingsmønster - «å chatte, chatter, chatta, har chatta», eller «å snappe, snapper, snappa, har snappa»- uttalt med 'æ' i muntlig tale, forklarer Hårstad.

Av Linn Merete Rognø, www.vi.no 28.05.2019. Utdrag.

Kristin bytte til bokmål for å unngå konkurs

– Eg trur jo me tapar litt identitet. Me har jo stått veldig støtt i nynorsken og vore stolte av språket vårt, seier Kristin Lemme.

I to år har ho selt arbeidsklede for kvinner på nettet. Det var ikkje spørsmål for Lemme kva målform butikken skulle ha.

– Me er frå Voss og har skrive nynorsk heile livet. Det var heilt naturleg for oss.

Men no har dei i staden byrja å skriva bokmål på nettstaden. Valet var anten å gå konkurs, eller å byta målform.

Dei oppdaga at dei ikkje kom høgt nok opp på trefflistene på Google.

– **Problemet var at alt var på nynorsk. Ingen googlar «klede». Dei googlar «klær», seier Lemme.**

Etter å ha gått over til bokmål, har kledegründeren på Voss allereie fått fleire besøk.

– Me har rykka fleire hakk oppover på listene, seier Lemme.

At nettbutikken på Voss har valt å byta målform, overraskar ikkje ekspertane.

– Google er definitivt den viktigaste staden å treffa kundane. Då må ein må vera der. Google forstår ikkje nynorsk, seier Patrick Dahl, dagleg leiar i webselskapet Digitroll.

Leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, meiner Google burde endra systemet sitt.

– Det er heilt tydeleg at dette ikkje fungerer. Her er det strukturar som gjer det vanskeleg å bruka mindretalsspråket nynorsk, seier han.

Hauge meiner Google burde ordna opp i dette, og få på plass ein algoritme som likestiller nynorsk og bokmål. Han fryktar at fleire ufrivillig vel å bruka bokmål, fordi det er lettare. – Alle språkbrukarar er avhengige av å sjå, møta og kunna bruka språket sitt på alle område, seier Hauge. [...]

Av Synne Lykkebø Hafsaas og Sjur Mikal Dolve. [Nettbutikker endrar målform for å få fleire treff på Google – NRK Vestland](#) 14.01.2021. Utdrag.

Jukseroboten

Nynorskroboten er eit omsetjingsprogram utvikla av NTB og Nynorsk pressekontor der ein kan omsette heile tekstar og dokument frå bokmål til nynorsk. Programmet skal vere i stand til å omsetje tekstar til god nynorsk. Målet er å gjere nynorsken meir tilgjengeleg.

Elevar i skulen har mellom anna hatt nytte av denne «roboten» når dei skal skrive oppgåver på nynorsk gjennom programmet Apertium, som er fritt tilgjengeleg for alle. Dette bekymrar lærarane da dei ikkje lærer nynorsk av det, og vert rekna som juks. Men er Nynorskroboten berre eit verktøy elevane brukar for å jukse på skulen, eller kan det vere eit verktøy vi kan ha nytte av? [...]

Av Celine Rognaldsen Mietle, [Jukseroboten \(framtida.no\)](#) 19.04.2021. Utdrag.

I eventyret

Romanen *I eventyret* frå 1921 opnar med at tenestejenta Elen følgjer sonen sin, Odin, til fosterforeldre som han skal bu hos mot at han arbeider for dei som gjetar. Far til Odin har utvandra til Amerika og veit ikkje at han har eit barn i Noreg. Elen har nettopp gifta seg, og den nye mannen hennar vil ikkje ha noko med Odin å gjere.

Det var skinnande sommarkvelden, bjelleklang frå marka og myggsong kring øyra, og dei to som var på vegen nordover Kjelvikleiva, gjekk seint og høgtidsamt, liksom det var for godt vêr å gå i, ein skulle heller sette seg ned og halde helg.

[...] Og der går ho Elen Vennestad i veg med gutungen sin, sa folk. Fattig stakkar! sa dei kanskje om både guten og henne. Ho kjente at dei sa det, slik som ho kjente godvêrskvelden og alt det som i kring henne var.

Solstrålane vart lengre og lengre, og mjukare og rikare, og myggen la ein ny og heit tone i songen sin, så hjartans dirrande og tett over ein, han rann i eitt med solstrålane, så det var å kjenne på liksom *dei* song. Inn i dette kimte sauebjøllene med djupare dirring, liksom av større strålar ovanfor blånen ein stad.

«Ka du går og tenkje på du, Odin?» seier mora.

Ho kjente ein liten vaknande rykk i handa; det var så uvant at ho spurte han om noko.

«På det at æ berre e sju år,» svara han da det hadde gått ei stund.

Orda kom lyst og modig, men dei drog ein skugge over andletet hennar. Han måtte merke det, for no aksla han seg og lo og ville stryke det ut att: No skulle han ut og vera hos folk, no skulle dei få gjetar i Kjelvika òg! [...]

«E du så glad i kveld, Odin?»

Han såg berre halvt på henne. Så drog det etter seg. Glad? Det visste han no ikkje; men han skulle bort og vera; dei var på vegen no; for dei kunne ikkje ha han lenger heime, no når ho mor hadde gifta seg [...] Han rente fort gjennom tankane, og andletet skifta heile tida.

Så seier han, gammal og stødig, – det er ein ny Odin å høyre på:

«Ser du, mor, om æ ikkje va bra å ha. Ka?»

«Jau?»

«Ja, for det e ikkje sikkert dei ha gjort dette her, alle saman. At du ha vorte fri dei så lett.»

Mora måtte smile, enda ho vart kald oppetter andletet. – Fri dei ja, sukka ho.

aksle seg: ta mot til seg

fri for dei: å bli kvitt dei/dem – «at du ha vorte fri dei»: Odin seier at andre barn ikkje ville ha reist vekk frå mor frivillig /Odin sier at andre barn ikke ville ha reist vekk fra mor frivillig

Men var dei ikkje snart framme no? undrast han, – dei hadde da sikkert gått ei mil no og vel så det? Eller ein fjerding? Og kven var det som budde på andre sida av fjorden? Og best han går, seier han:

«Æ grua meg ikkje det slag for å komma dit. Du ska berre sjå, mor!»

«Det e bra det, Odin.»

Av Olav Duun, 1921. Utdrag, språkleg modernisert

ein fjerding: ein/en fjerdedel av ei mil

Stargate

Romanen *Stargate* fra 2021 handler om Ronja og storesøstera Melissa som bor på Tøyen i Oslo sammen med faren sin. Familien har store økonomiske utfordringer, for faren er alkoholiker og ofte uten jobb.

Da jeg kom hjem, satt pappa ved kjøkkenbordet. Han kikka opp, han la hånda foran øynene.

– Er det sola som kommer? sa han. – Hvor er solbrillene mine?

Han smilte, jeg smilte også. Så slutta han å smile.

– Kom og sett deg her litt, sa han.

Han gnei seg i panna. Men jeg orka ikke at han skulle begynne. *Det er ikke sånn unger skal leve, sier han da, asphalt og all denne dritten,* og etterpå sier han *men dere er ikke dumme, det skal ingen si, og dere har jo hatt det fint også, dere husker jo teltet den sommeren? Dere husker den hytta den vinteren?* og jeg svarer ja og nei og ja, men jeg orka ikke at han skulle begynne, jeg rulla plakaten ut og la den på bordet.

– Juletreselger, sa pappa.

Plakaten rulla seg sammen. Jeg rulla den ut igjen og holdt den fast. Han titta opp.

– Men juletreselger, sa han. – Det er en jobb for folk fra Toten, Ronja.

– Men alt er bedre enn ingenting, sa jeg.

Da så han på plakaten igjen. Og plutselig reiste han seg og gikk til benken og løfta vannkokeren. Han skrudde på springen og sa: – Du er ikke dum, du. Det har du aldri vært.

Han fylte vannkokeren. Jeg elsker når han drikker kaffe. Og når han henter en joggebukse og drar den på, og når han ser ut av vinduet og begynner å vandre rundt, jeg elsker det, jeg husker alle

jobber pappa har hatt. Den beste var bakeren, da fikk han svære kanelboller med seg hjem, og jeg kunne ha dem på skolen neste dag, de andre lente seg over matboksen min og sa *shit*, og Musse sa *du er alltid heldig, ass*, og Stella sa *du vet at det ikke er lov?* og Musse sa *slapp av, Stella, alle i denne klassen har sukker i matpakka uansett*. Men det var bra på Kiwi også, og da han vaska trikkene, de andre sa *faren din jobber vel på Kiwi, kan du si at jeg må få rabatt på Litago, faren din vasker vel trikkene, kan du be han ikke vaske bort det broren min skriver?* Det eneste som ikke var bra, var da han var dikter og skrev at tanken var en ål i en ruse og solgte diktene sine utenfor Narvesen, det elska jeg ikke, men jeg elsker når vannkokeren begynner å suse, og så lite skal det til, *dere drømmer for mye*, pleier Melissa å si, *hvis drømming hadde vært en jobb, da kunne vi flytta rett til Holmenkollen*.

Vannet bobla. Pappa løfta vannkokeren. Og hodet mitt var allerede fullt av drømmer. For jeg visste hvor det juletreutsalget var, og jeg tenkte at jeg kunne løpe dit rett etter skolen, og pappa kunne gå rundt mellom trærne, med islender på, og jeg kunne stå borte ved bensinstasjonen og se han smile til kundene og putte pengene deres i tjukk lommebok. Så ville han få lønning, og til jul kunne vi gi Melissa, jeg vet ikke, noe hun ønska seg, og pappa kunne kjøpe det og komme hjem og vinke meg inn på badet og hviske *se her, en sånn er vel noe for en sekstenåring?* Jeg tenkte at det var pappa som skulle levere juletreet til skolen også. Jeg visste akkurat hvordan det skulle bli da, Meron skulle lene seg mot vinduet og rope *juletreet kommer! Juletreet kommer! Se, det er faren til Ronja, jo!* Og læreren sier *sitt, sitt, bli sittende*, men alle løper til vinduet, ja, så løper alle til vinduet, og der nede ser vi rektor, hun går over skolegården for å møte pappa. Hun holder armene rundt strikkekåpa. Så peker hun mot gymsalen. Strikkebeltet hennes blåser i vinden, og pappa smiler det store smilet, pappa trekker treet inn mellom portstolpene, og alle i klassen roper *wow*. Sånn drømte jeg.

Pappa sto ved vinduet og kikka ut. Det snødde fortsatt. Han holdt koppen foran brystet. Kjøkkenet vårt var så tomt.

- Kanskje vi kan ha juletre i år, da, sa jeg.
- Hva sa du? sa pappa.
- Hvis du blir juletreseiger, sa jeg. – Kan vi ha juletre da?
- Selvfølgelig, sa pappa og snudde seg mot meg. – Du Røverdatter. Tror du ikke ansatte får rabatt også?
- Sikkert, sa jeg.
- Eller gratis kanskje? sa pappa, og jeg nikka, for det trodde jeg.

Av Ingvild H. Rishøi, 2021

Jeg ser

Jeg ser på den hvite himmel,
jeg ser på de gråblå skyer,
jeg ser på den blodige sol.

Dette er altså verden.
Dette er altså klodenes hjem.

En regndråpe!

Jeg ser på de høye huse,
jeg ser på de tusen vinduer,
jeg ser på det fjerne kirketårn.

Dette er altså jorden.
Dette er altså menneskenes hjem.

De gråblå skyer samler seg. Solen ble borte.

Jeg ser på de velklede herrer,
jeg ser på de smilende damer,
jeg ser på de lutende hester.

Hvor de gråblå skyer blir tunge.

Jeg ser, jeg ser ...
Jeg er visst kommet på en feil klode!
Her er så underlig ...

Av Sigbjørn Obstfelder, 1893. Språkleg/språklig modernisert

Dette er våren ...

Dette er våren:
lyset som fylt av lidelse
kaster deg inntil alt stumt.

Legg din hånd på treets bark:
den blør som du.
Legg din panne mot markens sten:
den fryser som du.
Lytt inn i stillheten,
lytt inn i luften;
den er hjemløs som du.

Av Gunvor Hofmo, 1948

Bekken

Alle kjem frå ein plass.
Ikkje eg.
Eg vaks opp i ein forstad.
Ingen kjem frå forstaden.
Han er berre ein mellomstasjon
mellom bygd og by
mellom ei tid i livet
og den neste
dit vaksne fer
for å sette barn til verda
for så å fare vidare
ved høve
og
tomme reir.
Ingen skriv heimstaddikting
om Heimdalsmyrene.

Men du
du er ein
som kjem frå ein plass.
Seint om hausten
tek du meg med
går vi over myrene dine
over heiene
ser utover gammalsetra
som er seld.

Du syner meg merkesteinane
og det som er att av skogen dykkar
etter han vart snauhoggen
på grunn av ei feillesing av gards- og bruksnummer.
Du hoppar så lett
over skigardar og bekkar
at eg vert reint forbløffa
eg eig ikkje spenst.

Du fortel meg om saueleitinga da du var unge
og korleis du sprang og sprang.
Så lett du er i dette terrenget!
Eg har aldri sett deg slik før.
Eg trur du kunne sprunge fortare enn kva sau det skulle
vere
men sauen er òg borte no.

Ved bekken stoppar du.
Ein einsleg
aure
på veg opp straumen.
Han er seint ute, seier du
nett som oss.

Av Kari Anne Bye, 2021. Heimdalsmyrene: plass i Trondheim.

Bortebuar

Eg set meg på sykkelen og svingar ut av tunet. Sommaren er over. Fjorden er blågrøn, og ved elva, ved innsiget til fjorden, står eit skilt: Energi for generasjonar. Eg veit det, eg treng ikkje snu meg eingong. Skiltet vart ført opp same året som eg vart fødd. Ein pust i bakken, og glaset lukkar seg sakte mot sin barndom. Det er enkelt. Holt, og kontant. Det er som når Gud ler.

Mor auste havregrauten oppi tre skåler, før ho sette augo i syster mi og meg og sa: Trur de at livet er ein dans på roser? Me strøydde sukker over smøret som smelta i grauten. Me såg ut glaset, på andre sida av fjorden, der billyktene skein.

Eg sykklar oppover den gamle anleggsvegen, mot fjellet, til innsjøen. Eg stoppar, set høgre foten på det bulkete autovernet, balanserer sykkelen og meg sjølv, finn kvilepunktet. Eg ser bilvraket inni krattet på den gamle grusvegen. Panseret i lastebilhytta har eit hol i midten. Frontruta og speglane er knuste, det blenkjer i rustfritt metall, grillen liknar eit smadra trekkspel der det tomme fuglereiret ligg og vippar. Eg sparkar meg ut frå autovernet, trør vidare oppover. Eg held god fart, og noko inni meg vibrerer og renn, og eg veit ikkje om det er frost eller feber. Det flimrar framføre augo.

Syster mi veit kva som hender når stipendet vert omgjort til lån. Det var vår og ikkje lenge att til eg skulle verta tante og ho mor. Ho sat i bikini i det oppblåsbare plaskebassenget i hagen og åt vaniljeis rett frå boksen. Det var varmt og klamt. Ho heldt eine handa på magen. Magen var stor som ein hoppeball, og sjølv om ho ikkje gjorde det, såg det ut som om ho gret. Sola lyste dalen opp i kvitt og grønt, eg stod med hageslangen i hendene og fylte på kaldt vatn. Eg heldt pusten. Eg magasinerte. Eg tenkte på den store dammen øvst i dalen, innsjøen. Eg såg på blodårene over magen til syster. Eg tenkte på nettverket av tunnelar inne i fjellet som o-faglæraren teikna opp på tavla. Eg tenkte på songen me lærte oss før 17. mai, og på då me song: Flaumen går, i Noreg er vår.

Med skeia skrapa syster vaniljeisen ut av boksen og snakka om korleis livet no skulle verta. Til det store inkje kan du berre koma når du drøymmer, og når du døyr, sa ho. Kva meiner du, spurde eg og skrudde vatnet av. Dei siste kalde dropane draup over føtene mine. Det var som syster verken ensa meg eller spørsmålet mitt. Som om ho snakka med augo opne i ein slags svevn då ho sa:

Skilnaden er at når du drøyer, kan du gå attende neste morgon. Ein forvirra sommarfugl fauk over plaskebassenget og andletet hennar.

Eg hadde vondt av syster og tenkte på då mor og eg henta ho på kjellarhybelen i huset i byggjefeltet der bilane stod parkerte etter kvarandre. Det var søndag og stille i gata, to gutar på speedometersyklar sykla oppetter byggjefeltet etter ei jente på ein sparkesykkel. Duskane på kvar side av styret i alle regnbogens fargar blafra når jenta fekk fart. Syster kom opp trappa frå kjellarhybelen. Med ei stram mine gjekk ho bort til søppelkassa med to plastposar, ein grøn og ein svart, og sa: Det var det. Siste søpla frå mitt tidlegare liv. Loket på søppelkassa small, og på trappa ut mot hagen sat dottera i huset med kvelpane rundt seg. Jenta vinka til oss då mor rygga bilen med hengaren ut av oppkøyrsla. Eg kjem til å sakna hundeungane, sa syster og vinka attende til dottera i huset som prøvde å balansera dei nyfødde kvelpane på eit serveringsfat. Kvelpane hadde ikkje fått augo enno, og éin fall av fatet og ned i fanget hennar.

Mor køyrde bilen frå byggjefeltet og byen og hybelen der syster hadde budd i to år. Over fjellet, på kvar si side av vegen, var brøytekantane skitne. Eg sat i baksetet og tenkte på alle tinga til syster i bagasjerommet og på hengaren: skrivebordet, bokhylla, smoothieblendaren, strikkekorga med garnnøsta i kvitt, rosa og blått. Flettekorga i bast, alt låg stabla oppå kvarandre på den store opne hengaren saman med plaskebassenget halvvegs tømt for luft.

Eg ser på graset som veks i grøftene rundt den nedlagde brakkeleiren, det er tungt å trø, og eg tenkjer på kva mor meinte då ho sa at ein alltid kan mista meir. Syster sat i passasjeret, og mor heldt blikket stivt på vegen, men like før me køyrde inn i den siste tunnelen, snudde mor seg mot syster og sa: Du kan mista meir enn tapet. Det vart svart før mor skrudde langlysa på. Mor køyrde bilen med hengar frå byen til dalen og inn på tunet vårt.

Neste dag var skydekket lågt. Mor stod ved postkassene midt imot naboen med hendene festa til hoftene: Og snart kjem her jo eit nytt barn i huset. Røysta til mor var fast som snøen på taket. Om to månadar kjem alt til å vera synleg, sa mor. Nabokona sa noko om då ho var kjempestor og kroppen hennar fyltest med vatn. Eg stod på altanen og tenkte på kjærasten syster mi ein gong hadde hatt, på den gongen eg var på besøk hjå ho og han gav meg ein raud og kvit polkagris og ein cuba-sjokolade. Han var snill, men no var det slutt med syster mi og han. Fosseduren

var høg, og eg høyrde ikkje alt, men meiner at naboen sa at alle barn er ei gåve frå Gud. Mor snakka om renter og lån, og om kjøt som skulle betalast med kjøt no når både andletet og kjærleiken var tapt.

Eg sykklar over fe-rista og forbi BARN LEKER-skiltet i siste gards-tunet før fjellet. Eg er sveitt då eg trakkar over brua der elva renn. Eg ser opp på høgspenmasta som går i doble korridorar frå den eine dalsida til den andre. Eg er seksten no, om ei veke flyttar eg på hybel. Mor har sagt ho skal ta sykkelen min på hengaren. Syster har sagt at eg kan få skrivebordet og bokhylla. Eg seier til meg sjølv at det er ei enkel verd. I natt drøymde eg at huset med mor, syster mi og son hennar losna frå grunnmuren og flaut nedover elva. Då eg vakna, skjøna eg ikkje kor eg var i draumen.

Eg går av sykkelen, men trillar gjennom svingen der autovernet er rasa vekk. Eg er snart framme. Ei veke går fort. Tre år på vidaregåande er som eit knips i lufta. Så heldig du er som har heile framtida di føre deg! Det var det naboen på tunet sa, medan ho laga ein knipselyd med tommelen og langfingeren ut i lufta. Ho stod i den spirande åkeren, på andre sida av gjerdet.

Snart er eg på toppen, herifrå ser eg alt. Dalen, gardane og sauene ute på ekrene liknar kvite dottar av bomull. Eg ser blåne på blåne bak djupare blånar der sola snart vil gli ned mellom fjella som smelta smør. Eg ser langt.

Av Inger Bråtveit, 2021

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!